

Oslo, 1.mars 2004

NVE
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Høringsuttalelse til "Kabel som alternativ til luftledning", NVE200302973-6

Vedlagt følger høringsuttalelse til NVEs rapport om "Kabel som alternativ til luftledning, NVE200302973-6. Høringsuttalelsen sendes både elektronisk og per brev.

Med vennlig hilsen
Norges Naturvernforbund

Tore Brænd
Energirådgiver

Mads Løkeland
Saksbehandler

Vedlegg

Høringsfråsegn til "Kabel som alternativ til luftledning", NVE200302973-6

Naturvernforbundet ser positivt på at Olje- og energidepartementet har teke initiativ til å sjå på nye retningslinjer for bruk av jordkabel som alternativ til luftledning i samband med at prisen på jordkabel er redusert.

NVE konkluderer med at det ikkje er grunnlag for å revidere eksisterande praksis og at det ikkje er vesentlege endringar etter siste gjennomgang i 1995.

Naturvernforbundet ser det slik at prisfallet på jordkabel opptre samtidig med så mange andre nye forhold som gjør det nødvendig å revidere retningslinjene for bruk av jordkabel framover og gjera det enklare å krevja jordkabel også på 132 kV og høgare spenningar.

Vi ber difor om ein ny gjennomgang av notatet som i tillegg til prisendringa på jordkabel også tek med seg andre viktige næringspolitiske, miljømessige og tekniske spørsmål som står på dagsorden.

Vi ønsker også å få meir forutsigbare retningslinjer for når det er aktuelt å bruke jordkabel. For eksempel om verna vassdrag som hovudregel bør bli kryssa med jordkabel.

Nye moment som vi ber om at blir vurdert ved gjennomgang av retningslinjer for bruk av jordkabel:

1) Statnett har varsla at vi står foran ei ny investeringsbølge i overføringsnett, både ved nybygging og ved revisjon av gamle overføringslinjer. For landet totalt kan dette bli eit av dei største naturinngrepa vi har hatt på lang tid. Auka bruk av jordkabel er eit av tiltaka som kan minske inngrepa.

2) Nye, store prosjekt med utbygging av vindkraft fører med seg nye overføringslinjer i særleg sårbare område langs kysten. For fleire av desse prosjekta representerer overføringslinjene eit større naturinngrep enn vindmøllene i seg sjølv. Jordkabel, for eksempel HVDC light, bør difor rutinemessig bli vurdert ved alle installasjonar av vindkraft. Ettersom vindmøller gjerne er ved kysten, kan ein mange stader leggja kabel i sjøen for å unngå grøft over land.

3) "Vannkraftutbygging, kraftoverføring og andre vassdragsinngrep" har stått for bortfall av 950,5 kvadratkilometer "villmarksprega område" i perioden 1988-1998. Det er no berre att ca 10% "villmarksprega område". Dette må få følgjer for arbeidet med konsesjon til luftleidningar. I tillegg til tiltak for å stanse nedgangen må vi også sjå om det er mogleg å vinne attende tapte område ved hjelp av jordkabel når høgspenningslinjer gjennom viktige naturområde skal gjennom revisjon / fornying av konsesjon.

4) Vi har fått ny kunnskap om fugl og kraftlinjer som viser at luftlinjer er eit vesentleg større problem enn vi tidlegare rekna med.

I 1998 gjennomførte NINA ei undersøking i Hemsedalsfjella for å finne ut kor stor belastning kraftleidningane representerer for fuglelivet. NINA påviste at vesentleg fleire rypar døyr i samanstøyt med høgspenningslinjer enn ved jakt i tilsvarande område. I følgje denne rapporten vart det i gjennomsnitt funne 0,35 rypar pr. km kraftleidning om hausten (september- oktober), 2,83 om vinteren (november- mars) og 0,95 om våren (april- mai). For landet totalt har NINA anslått at 20 000 storfugl, 26 000 orrfugl og i overkant av 500 000 rypar årleg blir drept i kollisjon med kraftleidningar. (NOU 1998: 11, Energi- og kraftbalansen mot 2020, pkt 28,4 miljøforhold).

5) Ny teknologi kan få fram jordkabel utan store naturinngrep.

På kontaktmøte mellom Naturvernforbundet og Statnett sommaren 2002 fekk vi opplyst at Statnett har eksperimentert med bruk av retningsstyrt boring for å føre fram jordkabel i fjellgrunn. Dette er ein interessant teknikk som vi ønsker at skal bli vurdert nærare, som eit skånsomt alternativ til sprenging / graving av grøft på land.

Med vennlig hilsen

Norges Naturvernforbund
Mads Løkeland (sign) Saksbehandler

